

# **DRIFTSPLAN**

for

## **HJORT**

**HOVDA UTMARKSLAG SA**

Org. Nr. 988 283 118

**2021, 2022, 2023 og 2024**

# Forord

Det er no femten år sidan Hovda Utmarkslag vart skipa, fem (treårige) driftsplanar er tilbakelagt. Dette er den reviderte planen som skal gjelde i fire år, **frå og med 2021 til og med 2024.**

## INNHALD

### 1. INNLEIING

- 1.1 Planområdet avgrensing
- 1.2 Hovudmål
- 1.3 Delmål
- 1.4 Konkrete tiltak

### 2. STATUS OG VURDERINGAR

- 2.1 Utreiing og felling
- 2.2 Vårteljing
- 2.3 Beiteskade
- 2.4 Konklusjon


### 3. HANDLINGSDEL

- 3.1 Organisering av jaktfelte
- 3.2 Ettersøks avtale hund
- 3.3 Avskyting
- 3.4 Feilskotne dyr
- 3.5 Vektregistrering
- 3.6 Kontroll av felte dyr
- 3.7 Rapportering
- 3.8 Evaluering av hjortejakta
- 3.9 Felling av skadedyr
- 3.10 Fellingsavgift
- 3.11 Bonusavtale
- 3.12 Skrapdyr ordning
- 3.13 Næringsutvikling

# 1 INNLEIING

## 1.1 Planområdet avgrensning

Utmarkslaget sitt geografiske område består av det vi til dagleg kallar Hovda, i tillegg Ytre Tunheim og Indre Tunheim.



Landegrense mot anna vald har vi frå Eidså over Ringefjellet og til sjøen i Bøstranda. Våre grensefelt mot Syvde og Åheim / Dalane vert då jaktfelt 13 Eidså, vidare nr.14 Fiskå / Eide og så jaktfelt 16 Indre Tunheim.

### Storleik på jaktfelta

Hovda Utmarkslag / jaktvald har i dag 16 jaktfelt, storleiken varierer frå 3-4000 til ca.15000 dekar, dei fleste mellom 3000 og 6000 dekar. (11stk.)

Det vil i løpet av denne driftsplan bli tatt en gjennomgang av storleik og grenser i alle jaktfelta i jaktvaldet. Dette for å kunne lage gode kart over dei forskjellige jaktfelta og sikre at alle har korrekt teljande areal.

### **1.2 Hovudmål**

Driftsplanens sitt formål er ønsket om å delta i ei rett forvaltning av hjortestamma, der målsetjinga er og kome fram til ein optimal, sunn og stabil bestand med god alders- og kjønnsfordeling, og med ein storleik **som ikkje medfører uakseptable skadar på skog- og jordbruksareal.**

Dette skal ein nå ved lokal styring av rettigheits havrane, ved god planlegging, rett avskyting og godt samarbeid mellom grunneigarar, jegerar og andre involverte partar.

### **1.3 Delmål**

Slaktevekta på hjorten har minka betydeleg siste 20-30 åra. Dette har nok fleire årsaker, stamma er mykje større i dag og det har nok betyding. Men vi trur og at avskytings strategi har stor betyding då det har vore vanleg å ta ut dei største dyra. Vi oppmodar difor alle til å ta ut dei minste dyra i kvar alders og kjønnsgruppe for å bevare dei største.

Den sterke reduksjonen på uttak av eldre hanndyr har gjort at vi i dag har ein betydeleg meir kjønns- og aldersbalansert stamme enn for seks år sidan. Eldre bukkar og koller har ein positiv innverknad på start av brunstperiode.

Total felling i siste driftsperiode (2018 – 2020) vart **592** dyr som fordeler seg slik

- 33 % Kalv
- 37 % Koller
- 30 % Bukk

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>	<b>PROSENT</b>
Kalv	58	71	66	195	33 %
Bukk 1,5 år	30	34	32	96	16 %
Kolle 1,5 år	25	17	26	68	11 %
Eldre bukk	25	25	32	82	14 %
Eldre kolle	44	56	51	151	26 %
	<b>182</b>	<b>203</b>	<b>207</b>	<b>592</b>	<b>100</b>

## 1.4 Konkrete tiltak

- Kolle avskyting inkludera alle koller 1 ½ år og eldre. Altså eldre koller og fjorkoller i same kategori.
- Bukk blir tildelt i en kategori (1 ½ år og oppover), vi oppfordrar samtidig til uttak av dei mindre og spinklaste dyra. Uttak av kapital bukk bør være eit minimum.
- Vi oppfordrar alle felt om å skyte ung koller og kalvelause koller framfor eldre produktive koller.
- På grunn av stor bestand vil vi i denne driftsplan legge opp til større andel felling av kalv og koller. Bestanden må i enkelte områder reduserast med 50%.
- For å på sikt auke slaktevektene ynskjer vi å oppmode felte om å felle dei minste og svakaste dyra (ref. bonusordning).
- Avskytings profil vert vurdert opp i mot bestand i dei forskjellige jaktfelte. Vi legg i denne driftsplan opp til meir kolle og kalv skyting, samtidig som vi redusera uttak av eldre bukk.

## 2 STATUS OG VURDERINGAR

### 2.1 Utbreiing og felling

Samla sett har området svært gode oppvekst og beiteforhold for hjorten. Men med store variasjonar når det gjeld dyretettleik og avskyting.

Det er i dag ein tett hjortebestand frå Koparneset-området og syd over til Fiskå/ Tunheim -området. I 2020 vart det felt **147** dyr på desse 8 jaktfelt nr. 9 til og med nr. 16 som har ca 41965 dekar som teljande areal. Det vert **285** daa. pr. felte dyr

I ytre del (nordvestlege) av Hovda er hjortebestanden betydeleg mindre. Dette området som også består av 8 jaktfelt nr. 1 til og med nr. 8 på til saman 50813 dekar vart det i 2020 felt **60** dyr. Det vert **847** daa. pr. felte dyr.

### 2.2 Vårteljing

Kvar vår vert det utført to teljingar i regi av utmarkslaga og kommunen. Over tid så er dette ein god indikator på hjortebestanden si utvikling. Det gir også informasjon om beitetrykket ein kan vente seg på innmarka det året.

Her er en oversikt over historiske vårteljingar (samanlagt begge teljingar):

- 2005            670 dyr
- 2006            616 dyr
- 2007            569 dyr
- 2008            579 dyr

- 2009            499 dyr
- 2010            695 dyr
- 2011            686 dyr
- 2012            547 dyr
- 2013            803 dyr
- 2014            393 dyr
- 2015            680 dyr
- 2016            815 dyr
- 2017            769 dyr
- 2018            881 dyr
- 2019            733 dyr
- 2020            927 dyr

Jaktleiar for valdet (Hovda Utmarkslag) organisera teljingane.

### **2.3 Beiteskadar**

Omfanget av skadebeiting har dei siste åra tatt seg opp. Til tross av økt avskyting i pressområda. Det er viktig at tildelte dyr blir felt slik at beiteskade reduserast. Ser en aukande trend til skade på rundballar.

Hjorten er kresen og føretrekkjer dei best drivne markane, godt gjødsla kultureng med timotei og raigras er fyrste valet, og det er her dei største skadane oppstår.

Etterkvart som det vert færre bruk i drift og dei bøndene som framleis skal leva av jorda må drive mange bruk vert belastninga stor på eit fåtal brukarar.

### **2.4 Konklusjon**

Målsetjinga for valdet er:

- å ha ein sunn og frisk hjortestamme som ikkje påfører grunneigarar, som driv jorda, for store beiteskadar.
- å ha ein sunn og frisk hjortebestand som gir oss mykje godt kjøt, spennande jaktopplevingar, fine naturopplevingar og kroner i kassa for dei som omset det i pengar.

Vi ynskjer å forvalte stamma slik at vi vidarefører noverande kjønns og alderssamansetjing.

Grunneigarar med utålelege beiteskadar må lyttast til, og har ein stader med mykje påkøyrslar må ein gjere tiltak.

## **3. HANDLINGSDEL**

### **3.1 Organisering av jaktfelta**

Vi vil behalde jaktfelta i si noverande form, men det vil vere positivt med samanslåingar.

Ein oppfordrar til at det vert etablert samarbeid mellom jaktfelta der dette er naturleg, slik at fellesjakt i delar av jakttida og jakt på andre sitt jaktfelt kan etablerast. Dette aukar utnyttinga av moglegheitene som driftsplanen gir og vil føre til høgare fellingsprosent. Slike avtalar kan inngåast når som helst mellom dei forskjellige jaktfelta.

### 3.2 Ettersøks avtale hund

Utmarkslaget inngår avtale på hund for alle valda. På denne måten kan vi kanskje få ein billegare avtale for medlemmane.

Om nokon skulle ynskje å stå utanfor, må dei ta kontakt med styret før **1. juli kvart år**.

### 3.3 Avskyting

Felling i Hovda siden oppstart 2006.

• 2006:	<b>153 dyr</b>	}	<b><u>Driftsplan 1</u></b> (512 dyr felt)
• 2007:	<b>172 dyr</b>		
• 2008:	<b>187 dyr</b>		
• 2009:	<b>189 dyr</b>	}	<b><u>Driftsplan 2</u></b> (624 dyr felt)
• 2010:	<b>206 dyr</b>		
• 2011:	<b>229 dyr</b>		
• 2012:	<b>160 dyr</b>	}	<b><u>Driftsplan 3</u></b> (469 dyr felt)
• 2013:	<b>174 dyr</b>		
• 2014:	<b>135 dyr</b>		
• 2015:	<b>127 dyr</b>	}	<b><u>Driftsplan 4</u></b> (435 dyr felt)
• 2016:	<b>127 dyr</b>		
• 2017:	<b>181 dyr</b>		
• 2018:	<b>182 dyr</b>	}	<b><u>Driftsplan 5</u></b> (592 dyr felt)
• 2019:	<b>203 dyr</b>		
• 2020:	<b>207 dyr</b>		

På grunnlag av dei måla som er sett for kjønns- og alderssamansetjing ut frå lokal kunnskap om hjortestamma i planområdet, legg vi opp til fylgjande avskytings profil:

- Hanndyr 1 ½ år og eldre: ca. 20 %
- Hodyr 1 ½ år og eldre: ca. 40 %
- Kalv: ca. 40 %

#### **Feller ein kolle som har kalv, skal kalven også fellast sjølv om den går av kvoten for vaksne dyr**

Utmarkslaget vil i denne fireårige driftsplanperioden søke om en fellingskvote på **1200 frie dyr**. Med bakgrunn i dette vil utmarkslaget kunne ta dyr som ikkje er felte det eine året med seg over til neste år og fordele dei på nytt. Dyra kan fordelast tilbake til det jaktfeltet som mangla dyra siste år, eller dei kan fordelast til jaktfelt som har sær stor tettleik av dyr og tilnærma 100 % kvotefylling. Utmarkslaget har ansvaret for denne fordelinga.

Driftsplanen føreset at uttaket vert tilnærma likt kvart år i perioda.

### **3.4 Feilskotne dyr**

Dyr som er skotne utover tildelt kvote på det enkelte jaktfelt, må rapporterast inn til jaktleiar (Hovda UL) snarast. Dette for at jaktleiar skal kunne ta stilling til kva som skal gjerast med dyret. Feilskotne dyr kan eventuelt trekkjast ifrå på neste års kvote.

Ved grov feilskyting kan dyret inndragast til fordel for lags-kassa.

### **3.5 Vektregistrering:**

Alle dyr skal vegast, fellingsrapporten skal førast etter kvart og vere tilgjengeleg for kontroll.

### **3.6 Kontroll av felte dyr**

Feltleiar skal føre eigen fellingsrapport som skal leggest fram ved kontroll.

Det skal takast vare på høgre underkjeve frå kvart dyr. Kvar kjeve skal ha eit nummer som er identisk med dette dyret i fellingsrapporten.

Etter jakta vert det føreteke kontroll av kjevar og fellingsrapport, det kan og verte utført kontroll under jakta.

### **3.7. Rapportering**

Felling skal rapporterast til jaktleiar (Hovda UL) same dag.

Innrapportering av alle felte dyr samt "sett hjort" skal skje via "Sett og Skutt" webportal, **feltleiarar er ansvarleg for at dette blir gjort.**

Fellingsrapport frå jaktfelte skal vere jaktleiaren i hende innan 1 veke etter jakt slutt.

Jaktleiar for valdet (Hovda) har ansvaret for rapporten som kommune skal ha.

### **3.8. Evaluering av hjortejakta**

Etter jakta skal storvilt utvalet invitere jaktleiarar, grunneigarar og jegerar til eit evalueringsmøte etter årets jakt.

Her vil dei frammøtte få kome med synspunkt om bestand, avskyting mm, og styret/ storvilt utvalet får viktig informasjon for vidare planlegging.

Styret kan kalle inn til møte før jakta dersom dei finn det tenleg. "Før jakta møte" har vore halde kvart år.

### **3.9. Felling av skadedyr**

Ved søknad om felling av hjort som gjer skade kan driftsutvalet i Vanylven gi løyve til dette i fylgje viltlova § 13. Søknad om felling av skadedyr kan også takast opp til handsaming i storvilt utvalet i utmarkslaget. Etter 1. juli kan slik felling belastast kvota same året.

Som utgangspunkt må ein ha at skadedyrfelling ikkje skal vere naudsynt, og at eventuell "overproduksjon" skal haldast i sjakk gjennom denne driftsplanen.



### 3.10. Fellingsavgift

Fellingsavgift for jaktfelte vert i 2021:           kr 450,- for vaksne dyr og kr 100,- for kalv

Avgifta skal betalast på etterskot i forhold til felte dyr.

I tillegg kjem avtale om ettersøks hund som for 2020 var kr 150,- Pr tildelt dyr.

### 3.11. Bonusavtale

Jaktfelt som feller ordinær kvote kan søke om ekstratildeling (frie dyr unntatt kapital bukk ).

Jaktleiar (Hovda UL) administrera ekstratildelingar.

(En **kapital bukk** er en bukk som er større enn vanlig, med grove gevir, tolv tagger og oppover)

### 3.12. Skrapdyr ordning

Utmarkslaget vil stimulere til uttak av skrapdyr (små og svake dyr).

Ein vil oppmuntre til uttak av desse dyra slik at vi kan styrkje kvaliteten på hjortestamma og sikre at ein avlar vidare på dei største og mest livskraftige dyra.

Skrapdyr definisjon:

- Kalv under **22 kg**
- Kolle under **42 kg**
- Bukk under **45 kg**

Skrapdyr vil ikkje trekkast av tildelt kvote, men vil gå av Utmarkslagets total kvote.

Fellings avgift for skrapdyr vil bli betalt av utmarkslaget.

Når eit jaktfelt har skote slike dyr, tek dei straks kontakt med kontrollør, desse dyra skal kontrollvegast innan 24 timar. Skrapdyr skal rapporterast i "Sett & skutt" på vanleg måte.

### 3.13. Næringsutvikling

Utmarkslaget ser positivt på at enkelte jaktfelt utnyttar høvet som jakta gir til å skaffe seg ekstra inntekt i form av utleige av jakta.

Det bør likevel gjerast på ein slik måte at dei behov som grunneigarane har for eiga jakt, vert oppfylt.

Det er viktig at **utleigarane** sjølve opplyser leigejegerar om grensene for utleigeområdet samt alle krav ihht til driftsplan samt ettersøk avtale.

Styret er behjelpeleg med standaravtale for utleigejakt.

Kjøtdeling og næringsutvikling vert avtalt innan kvart enkelt jaktfelt, driftsplanen legg ingen føringar for dette.

## AVSKYTINGSAVTALE

Hovda Utmarkslag søker med dette om godkjenning av “avskytings avtale” for åra **2021, 2022, 2023 og 2024**. Med bakgrunn i driftsplanen vil vi søkje om tildeling av **1200 frie** dyr som skal takast ut etter avskytings profil i planen.

Vi ønskjer difor og setje opp ei slik avskytings avtale med Vanylven kommune.

Vald nr: \_\_\_\_\_ Namn: **Hovda Utmarkslag SA** i Vanylven kommune har i

vedtak av \_\_\_\_\_ i **Vanylven kommune** fått godkjent driftsplanen for åra **2021, 2022, 2023 og 2024**

I samsvar med avskytings profil i planen er det inngått fylgjande avskytings avtale mellom Hovda utmarkslag og kommunen for åra **2021, 2022, 2023 og 2024**

1. Fellingskvoten for **planperioden vert på 1200 frie dyr.**
2. Vanylven kommune godtek at Hovda Utmarkslag fordelar kvoten etter avskytings profil i driftsplanen:

- Hanndyr 1 ½ år og eldre: ca. 20 %
- Hodyr 1 ½ år og eldre: ca. 40 %
- Kalv: ca. 40 %

Hovda Utmarkslag er forplikta til å prøve å oppnå ei tilsvarende prosentvis fordeling i avskytingsresultatet!

Det vert kontroll av felte dyr etter den ordninga som Hovda Utmarkslag bestemmer. Vanylven kommune kan foreta tilfeldig kontroll.

Stad og dato:

Stad og dato:

\_\_\_\_\_  
for Hovda Utmarkslag SA

\_\_\_\_\_  
for Vanylven kommune